



# Gordalaland Folkeblad

A-avis

Nr. 72 | Årgang 136 | Fredag 25. september 2009 | Laussal kr. 8,-

Hardanger Revisjon as  
STATSAUTORISERT REVISJONSSKAP

Som aksjonær  
bidrar vi  
til å realisere

Hardanger Bade-  
og Velværesenter

Vi ønsker å invitere flere lokale  
aksjonærer – kontakt daglig leder  
Rune Frisvold 90136063 –  
[rune.frisvold@nexus.no](mailto:rune.frisvold@nexus.no)

*Naboen*  
P U B  
NORHEIMSUND

Laurdag 26. september  
spelar John og Per.

Variert musikk  
med kjende coverlåtar.

ccr. lkr. 80,-

Tlf. 41 26 54 83

# Kvam er sett på kartet i Bergen



Kvammapakken har fått mykje pepar både i Bergen og Kvam denne veka. Likevel tyder alt på at prosjektet vert gjennomført som planlagt. Det medførde buing og sinne på Kvamskogen vels folkemøte i Bergen måndag.

**|side 3–5**

**I motvind:** Dagleg leiar i Kvam bompengeselskap AS, Oddvar Brakestad, står oppreist sjølv om han har fått mykje kjeft i det siste. Biletet er frå folkemøtet i Bergen måndag.

Foto: Sigbjørn Linga

# – Lid av djup urettferd

Kvammapakken vert skulda for å vera tussete, meningslaus, djupt urettvis og dårleg. Gjennomført vert han likevel.

SIGBJØRN LINGA

Nokre av karakteristikkane av bompengepakken var nådelause i Kvam næringsråd sitt folkemøte i rådhuset tysdag. Om lag hundre personar deltok.

## – Meiningslaust

Fleirtalet klappa då Svein Aarhus hevda at det kanskje er lurt å skrinleggja heile pakken dersom det er uråd å flytta bomstasjonen frå Steinsdalen.

Han meiner noko er gale dersom dalingar med utmark på Kvamskogen må punga ut med mykje større summar enn gjennomsnittskvemmingen. Hans overslag tilseier at om lag ti bruk har eigedom på bae sider av den planlagde stasjonen eit stykke ov- anfor Lid jarnindustri.

– Ein sterk opinion er mot pak- ken. Det vil vera stivbeint å ikkje gjera noko med det. Bomstasjonen vil gje negative effektar for Kvam herad. Dette er så urettvist at ein har passert grensa, sa Aarhus, som meiner kvemmingane har forstått at pakken luktar ille.

– Dette er det mest tussete veg- prosjektet som har sett dagens lys i Noreg. Verst er konsekvensane for næringslivet og innbyggjarane. Heradsstyret må syta for at saka kjem opp att, leggja prosjektet dødt og finna noko det er meining i. Dette er meiningslaust, sa Agnar Høysæter.

## – Fell eller overlever

Om Aarhus har rett, er Kvam bompengeselskap AS (KBS) stivbeint. Eller for å seia det som dagleg leiar Oddvar Brakestad: Selskapet er berre eit instrument som utfører oppgåvene politikarane har ved- teke.

– Anten fell pakken, eller så vert han som han er, sa Brakestad.

Spørsmålet er om pakken i det heile teke kan falla. Fleire i møtet oppmoda både bompengeselska- pet og politikarane om å drøfta saka på nytt. Brakestad viste til at det vart gjort i førre heradsstyre- møte utan konkrete resultat, og at saka formelt sett ikkje skal hand- samast lokalt igjen før bompeng- takstane vert sende til høyring frå Vegdirektoratet.

## – Avgjort av heradsstyret

Brakestad legg vekt på at herads- styret både har plassert stasjonen i Steinsdalen – etter råd frå veg- styresmaktene – og akseptert den kraftige kostnadsauken i prosjek- tet. Svein Aarhus er skuffa over at



**Kritisk:** Arnstein Neteland var ein av ei rekke kritiske røyster i folkemøtet om Kvammapakken tysdag. Prosjektleiar Rolf Harkestad og dagleg leiar i Kvam bompengeselskap AS, Oddvar Brakestad, ville ikkje seia seg samde i at det er ein dårleg bompengepakke.

politikarane ikkje har innsett urett- ferda før, men vedgår at òg dalin- gane sjølve kan ha sove i timen.

Brakestad forsvara plasseringa med at 77 prosent av bompengane vil stamma frå trafikk som skal til eller frå Kvam. Då Steinar Steine spurde om trafikkteljinga er utført nett der stasjonen skal stå, måtte varaordføraren medgje at han var svar skuldig.

– Dette vert ei god løysing, sa Brakestad.

– Nei, det vert ei dårleg løysing, protesterte Aarhus.

Heradsstyreprerentant Reidar Tolo, som tilstår at han er mellom dei som har duppa av, er ikkje nøgd med svara frå sin tidlegare partifelle i Høgre. Han forventar at leiinga i bompengeselskapet spør seg sjølv om ho har den naudsynte tilliten til å forvalta interessene til samfunnet i saka.

– Neste steg må vera eitt steg tilbake, meiner Tolo, som har inn- trykk av at motstanden mot pro- sjektet er brei i lokalsamfunnet.

Hallvard Totland (V) meiner KBS viser svært dårleg demokra- tiforståing dersom selskapet ikkje tek initiativ til ein ny debatt som følgje av mobiliseringa på overtid mot Kvammapakken.

– Det er ekstremt respektlaust å skulda på at pakken er komen så langt, sa han.

## – Ikkje vore aktuelt

Mellom andre Lars Knut Haukås sa at mange kvemmingar ikkje er i stand til å forstå kvifor det er vanskelegare å byggja gang- og

sykkelveg på Børvenes enn på Laupsa.

Prosjektleiar for Kvammapak- ken i Statens vegvesen, Rolf Har- kestad, viste til at han ikkje har arbeidd med saka før. Han slo fast at daglinealternativet for lengst er vurdert av vegvesenet sine folk og difor ikkje har vore aktuelt sidan.

Ifølgje Harkestad er målet å starta bygginga av tunnelen frå Øystese til Nes våren eller som- maren 2010. Arbeidet vert truleg lyst ut som totalentreprise før nytt- år. Òg arbeidet med gang- og syk- kelveg frå Vikøy til Norheimsund

kan byrja neste år.

Harkestad framheva at fleire usikre faktorar kan medføra ut- setjing. Det er enno ikkje klart kvar 70.000–80.000 kubikkme- ter steinmassar frå tunnelen skal deponerast. Dessutan er kjøp av grunn ikkje gjennomført.

## Alternativ løysing

Reidar Tolo meiner Kvammapak- ken kan verta betre dersom ein plasserer bomstasjonar ved kvart av dei største prosjekta. Det inne- ber at taksten for kvar passering vert tilpassa trafikkgrunlaget og

kostnaden med det prosjektet kvar bom skal finansiera. Ifølgje Tolo er ei slik løysing gjennomført an- dre stader. Han ser for seg at ein til dømes kan ha ein bom ved tun- nelen frå Øystese til Nes, ein bom mellom Norheimsund og Vikøy og ein bom mellom Øystese og Laupsa.

Tolo spurde Harkestad om det finst andre *bompengepakkar* – ik- kje enkeltprosjekt – der den ordi- nære taksten per køyretøy er nes- ten 40 kroner. Han vart avbroten av ordstyraren og fekk ikkje svar.

## Det gamle biletet



Innsendar: Tor Erik Stensvand

Dette biletet viser kvinner som fargar garn ved Øysteseelva. Innsendaren veit ikkje kven fotografen er. Han lurar på om nokon av HF-lesarane veit namna på damene og når biletet er teke.

# Fryktar enno ikkje boikott

Boikott av Norheimsund skapa stor jubel i folkemøtet i Bergen måndag. Oddvar Brakestad er likevel fast i trua på at det vert ein draum for hyttefolk å koma til Kvam.

SIGBJØRN LINGA

Ein ting kan bladfyken tillata seg å slå fast etter folkemøtet i Terminus hall: Mange hytteeigarar er arge på kvemmingane på grunn av bompengar og eigedomsskatt. Ingen tok til orde for å støtta tiltaka.

Applausen var spontan og rungende då ein av dei bortimot 250 framømte føreslo å slutta å handla varer og tenester i Kvam.

– Eg forstår det godt om næringslivet er uroleg. Det vil verta langt mindre handel i Norheimsund. Bompengane vil råka innbyggjarane ettertrykkeleg, sa hytteeigar Otto James-Olsen.

Sinnet og trugsmålet skremmer ikkje den daglege leiaren i Kvam bompengeselskap AS, Oddvar Brakestad. Han gjentok i Bergen at vegvesenet sine røynsler tilseier at bomstasjonar får lite å seia for trafikkmønsteret.

– Eg trur framleis det vil vera ein draum for hyttefolket å koma til Hardangerfjorden og Norheimsund, sa han.

På reaksjonane i salen kunne ein lett koma til å tru at draumen er eit mareritt.

– At han torer. At han torer, mumla ein svært provosert mann like bak HF sin utsende.

– Gløym det. Gløym det, mumla ein annan.

## Rettar bakar for smed?

Nokre tital kvemmingar hadde teke turen til Bergen, mellom anna ein gjeng dalingar med t-skjorter med antibomstasjonbodskap. Mellom dei i nøytral drakt var Ingrid Bjørke Nisamjan, som driv klesbutikk i Norheimsund og fryktar handelsboikotten. Ho påpeika at pressmiddelet ikkje vil straffa bompeng- og hytteskattoppfinnarane i Kvam herad, men i staden kan medføra at ei rekkje arbeidsplassar står i fare.

– Eg forstår deg, men du må røysta på andre politikarar, svarta ein hytteeigar.

Leiar i folkemøtearrangøren Kvamskogen vel, Erik Bjerring Hansen, opplyste at eit anna alternativ for hyttefolket er å ikkje betala eigedomsskattrekningane, men i staden setja pengane inn på sperra konto i protest. Bjørke Nisamjan har meir sans for dette alternativet.

## – Demokratiproblem

Både den allereie vedtekte bom-



**Har lese sin Anderssen:** Ole Eide hevda at Kvam herad slett ikkje har dårleg økonomi. Han viste til dokument der rådmann Harald Inge Anderssen har slege fast at Kvam framleis har svært gode tenester samanlikna med andre kommunar.

pengeinnsamlinga og risikoen for utviding av eigedomsskatten stod på agendaen – og baa delar provoserte gjestene i Terminus hall. Avgjerda om ”hytteskatten” vert teken fyrst i desember, men utsegner måndag tyder på at mange allereie er sikre på at hyttene vert skatteobjekt i 2010.

Somme hevda at det er eit problem for lokaldemokratiet at dei fleste hytteeigarane på Kvamskogen ikkje har røysterett i Kvam, og at den påstått dårlege handsaminga av hytteeigarane i Kvam er unik.

– Temaet i kveld er ikkje eigedomsskatt, men måten hytteeigarane vert handsama på av Kvam herad. Maktubalansen bør uroa ordføraren. Kvemmingane har eit haldningsproblem i høve til hytteeigarane, sa Trond Lexau, som meiner Kvam har meir å henta ved å samarbeida enn å påleggja.

– Kvam herad har ikkje lagt att ei krone på Kvamskogen. Eg blir så forbanna, sa ein annan tilhøyrar.

– Me bør ikkje reisa til Norheimsund lenger. Det er triveleg, men ein mistar lysta, sa ein annan.

– Me er gjester i Kvam. De sender rekninga til gjestene for det de har ete og drukke, sa ein som hevda at hyttekjøparane – ikkje Kvam herad – har skapa verdiane på Kvamskogen.

## Ingen lovnader

Som HF har omtala tidlegare krev Bjerring Hansen å få noko att for ”hytteskatten”. Kommunal løypekøyning, gang- og sykkelvegar,

veglys og garderobeanlegg står på ynskelista. Ordførar Astrid Farestveit Selsvold (Ap) ville ikkje lova anna enn at løypekøyning ikkje er ei naturleg oppgaa for heradet.

– I eventyrverda kan ein kanskje lova. Vedtaket om eigedomsskatt skal fattast seinare. Eg kan ikkje garantera noko. Det vert valflesk. Utan eigedomsskatt vert det i alle fall tungt å investera på Kvamskogen, sa ho.

Ordføraren ville heller ikkje lova ein låg skattesats, men framheva at takseringa gjeld i ti år og difor ikkje gjer det sjølvsagt at utvidinga kjem allereie komande år.

Ho påpeika at ein del av Kvams tenester kjem Kvamskogen til gode, til dømes ”helse og beredskap”. Fleire i salen stilte spør-



**Kritisk:** Butikksjef Ingrid Bjørke Nisamjan frå Kvam har hytte i Sund og betalar eigedomsskatt der. – Det kunne aldri falle meg inn at hyttefolk der skulle samla seg for å straffa butikkeigarar og næringsdrivande, sa kvemmingen.

mål om kva tenester det eigentleg gjeld.

## Nytteprinsippet

Ei rekkje av dei framømte var provoserte av at bomstasjonen skal stå i Steinsdalen. Ti av om lag 440 millionar vegkroner i Kvammapakken skal brukast til trafikksikring på Kvamskogen.

Farestveit Selsvold meiner bergensarane på Kvamskogen i praksis vann bompengesaka allereie då bomstasjonen vart flytta frå Eikedalen til Steinsdalen. Slik kan dei reisa til hyttene sine utan å betala bompengar. Ingen kan tvinga dei til å vitja Norheimsund.

– De slepp unna bompengane. Kvemmingane må ta det meste av belastinga, sa ho.

Bjerring Hansen kalla plasseringa ”idiotisk tullete” og hevda at kvemmingane ikkje må betala noko som helst. Brakestad viste til at trafikkteljinga viser at kring 77 prosent av køyretøya som passerer bomstasjonane, er trafikk som anten skal til eller frå Kvam. Resten er gjennomgangstrafikk. Bompengesøknaden seier ikkje noko om kor stor del av dei 77 prosentane som er fastbuande i Kvam eller korleis bompengane er fordelte mellom dei.

Brakestad påpeika at pakken er vedteken av Stortinget og difor per definisjon er i tråd med nytteprinsippet. I den godkjende Vossapakke er det monaleg lenger mellom den eine bomstasjonen og vegtiltaka, framheva han.

– Dette er gjennomtenkt. Det er ingen tvil om at prinsippet er

oppfylt, sa han.

Responen frå salen var buing.

## – Speielt

To heradsstyrerepresentantar var i salen; Høgre-utmelde Reidar Tolo og Hallvard Totland (V). Baa argumenterte mot sine kollegaer frå Kvam på podiet og fekk ein så langvarig applaus at dei kanskje bør vurderaa å stilla som bystyrekandidatar i Bergen.

Tolo kritiserte Kvammapakken og argumenterte for å droppa han. I staden bør heradet venta på trafikkauken som følgje av at Kvam vert den einaste bomfrie vegen frå aust til vest, meiner han.

– Staten blar opp når trafikken er stor nok, hevda han.

Totland vann gehør for påstandar om at utviding av eigedomsskatten er sannsynleg fordi Kvam herad har ausa ut pengar på mellom anna skular.

Farestveit Selsvold parerte ved å visa til at Totland var mellom dei som i fjor var positiv til utvidinga av skattegrunnlaget – dersom han berre fekk ungdomsskule i Norheimsund.

Brakestad tykkjer det er svært spesielt at to politikarar i opposisjonen reiser til folkemøte utanfor heimkommunen for å argumentera mot heradsstyrefleirtalet.

– Noko slikt har eg aldri vore ute for før, sa han.

Kvemmingane i rampelyset vart ikkje lynsja, berre utsette for hovudristing, buing og høgrøysta bergensarar. Bortsett frå meningsytringane kom det lite nytt ut av ordskiftet.

# – Er det ein advokat i salen?

Kvam bompengeselskap AS (KBS) vil ta domenet kvambompengeselskap.no frå aksjonsgruppa som har som mål å flytta bomstasjonen i Steinsdalen.

SIGBJØRN LINGA

Vitjar du heimesida, kjem du ikkje til KBS si heimeside. Selskapet har enno ikkje oppretta heimeside. I staden finn du informasjonssida til ei frittstående aksjonsgruppe i Steinsdalen. Steinsdaling Steinar Steine registrerte domenet 8. juli i år.

Målet med heimesida er å flytta bomstasjonen som er vedteken plassert ovanfor Lid jarnindustri. Gruppa meiner plasseringa er i strid med nytteprinsippet og eit ulovleg overgrep mot trafikantane.

## – I ond tru

KBS har hyra Advokat Thommessen AS til å klaga saka inn for den såkalla domeneklagenemnda, eit sjølvstendig organ som handsamar tvistesaker knytte til domenenamn. Kravet frå advokat Torunn M. Hardeland er at KBS får overta domenet fordi selskapsnamnet vert bruka på ein måte som gagnar eigaren av domenet, er øydeleggjande for KBS sine rettar eller hindrar KBS i å utnytte sine rettar. Sida er såleis oppretta i såkalla ond tru, vert det hevda.

– Domenenamnet er identisk



**Treng hjelp:** Frode Nygård (stående) bad i Bergen måndag om juristhjelp. Målet er å unngå at Kvam bompengeselskap AS får domenenamnet kvambompengeselskap.no, som førebels tilhører Steinar Steine.

med KBS sitt føretaksnamn. Steine kan ikkje ha handla i god tru då han registrerte domenenamnet, skriv advokaten, som kallar sida ei ”protestside”.

Ho meiner vilkåra i den statlege namnepolitikken for domenenamn er stetta for å krevja namnet overført eller sletta, og at det er openlyst at Steine kjenner til KBS sitt namn. Fristen for å koma med tilsvaret er 9. oktober.

## – Sakleg profil

Steinar Steine tek som eigar ansvar for nettsida, men seier meiningfelle Frode Nygård har teke det meste av jobben med å fylla henne med innhald. Steine meiner KBS sjølv har gjort så lite for å informera ålmenta om sitt arbeid at sida er nausynt.

– Sida er oppretta for å samla den informasjonen som har vore mogleg å grava fram, og få denne ut til folk. Det er ikkje gjort i ond tru. Me var frå fyrste dag bestemte

på å ha ein sakleg og informativ profil på sida, kommenterer Steine.

Sida inneheld mellom anna informasjon om saksgangen, ei kopling til heimesidene til Kvamskogen vel, brev til og frå aksjonistane, ein avisartikkel om saka og ei rekkje argument mot bomstasjonen i Steinsdalen.

Nygård tok ordet i folkemøtet om bompengar og eigedomsskatt i Bergen måndag og bad om hjelp frå ein jurist til å svara på brevet frå KBS sin advokat.

## Styrevedtak

– Styret er informert om at domenet er teke i bruk, og det er fatta vedtak om å klaga med juridisk bistand, seier styreleiar Reidun Rasmussen Mjør i KBS.

Ho seier selskapet ynskjer eiga heimeside raskast mogleg, men understrekar at det slett ikkje er sikkert at domenenamnet vert kvambompengeselskap.no sjølv

om KBS skulle få domenet.

– Me ynskjer å få informasjon ut raskt, og arbeider med å setja oss inn i malar for heimesider som er nytta av andre bompengeselskap. Me vil gjera det enkelt og lettforståeleg, seier Rasmussen Mjør.

## – Seint ute?

KBS-advokaten har lagt ved ei utskrift frå einings- og føretaksregisteret i Brønnøysund for å dokumentera sin eksistens. Utskrifta dokumenterer òg at Brønnøysundregisteret ikkje har fått informasjon om endringar i styret sidan november 2007.

Kjell Helvik, som gjekk ut av styret i 2006, står såleis fram-

leis oppført som kontaktperson. Dessutan er det ikkje registrert at det gamle styret vart erstatta av eit nytt i juni.

I folkemøtet om bompengesaka i Kvam rådhus tysdag kritiserte Frode Nygård KBS for å somla med å oppdatere Brønnøysundregisteret. Dagleg leiar og styremedlem i KBS, Oddvar Brakestad, svara at dette er å hengja seg opp i formalitetar. Han forsikra at oppdateringa av Brønnøysundregisteret no er i dei beste hender.

– Det er beklageleg at dette har teke så lang tid. Eg vart nyleg gjord merksam på at endringsmeldinga til registeret hadde stoppa opp. Dette skal snart vera i orden, seier styreleiar Rasmussen Mjør.

## – Legg att mykje pengar

SIGBJØRN LINGA

Kvamskogen vel trur Kvamskogen ”skapar verdiar” for godt over hundre millionar kroner i året.

Styremedlem Harald Thomsen har laga overslaget, som vart presentert i folkemøtet måndag. Inkludert i tala er mellom anna tilknytingsavgifter og årsgebyr som gjeld vatn og avløp, parkering og det løpande forbruket til hytte- og campingvogneigarar og dagsturistar. Overslaget tek utgangspunkt i låge tal, meiner Thomsen.

Vert det fleire år gamle kommunedelplanframlegget realisert, vert summen ifølgje velforeininga om lag dobla. Sjef for offentlege planar i Kvam herad, Jon Nedkvitne, nytta høvet til å påpeika at motsegner frå Fylkesmannen gjer det usannsynleg at Kvamskogen får nesten fire tusen hytter og fleire hundre nye campingvogner.

Per Øyvind Tveiten, leiar for eigedomsskatteprosjektet i Kvam herad, påpeikar at ein kanskje ikkje utan vidare kan kalla kostnader for verdiskaping. Han reknar med at ein meir kvalifisert

gjennomgang må til for å få eit forståeleg resultat.

Ordstyrar Hans Gunnar Skarstein freista pressa ordførar Astrid Farestveit Selsvold (Ap) til å gissa kor stor verdiskapinga på Kvamskogen kan vera. Ho nekta. Ordføraren meiner det vil vera underleg om ein skal bruka verdiskaping som mal for fordeling av pengar.

I ordsiftet fekk ho pepar frå fleire for å leggja opp til å mjølka Kvamskogen utan å ana kor stor verdiskapinga er.

– Det er utruleg at ordføraren kan støtta eigedomsskatten og samstundes vera heilt blank når ho får spørsmål om verdiskapinga, sa ein hytteeigar.

Farestveit Selsvold framheva at ingen slepp unna eigedomsskatten – heller ikkje ho. Ho sa at ho har meir vondt av å skattleggja personar med dårleg økonomi som sit åleine med eit hus i Kvam, enn av å henta inn pengar frå bergensarar som har hytte på Kvamskogen.

– Spørsmålet er om me skal byggja ned tenestetilbodet i Kvam. Det valet må me ta i haust, sa ho.

## Fekk sympati

Gunnar Jensen vart fyrst irritert på kvemmingane – heilt til han forstod at mange av dei truleg er samde med hytteeigarane. Onsdag var hytteeigaren frustrert over korleis enkelte omtalar dei som har hytte på Kvamskogen.

– Eg vil gjerne halda fram med å reisa til Norheimsund for å støtta lokalsamfunnet, men ikkje om eg vert uskjelt som ein feit, grisk og rik kasse med flotte hytter og bilar, sa Jensen.

Han sikta til at det i nettdebatten på bt.no er retta ei rekkje skuldingar mot bergensarane, tilsynelatande frå kvemmingar. Mellom anna vert det hevda at dei med hytte på Kvamskogen ikkje har nokon grunn til å klaga på bompengar og skatt.

Kritikken er feil og urettvis, meiner Jensen, som vart sjokkert over at innlegga osar så sterkt av

usakleg misunnig og hat. Det øydelegg renomeet til Kvam, meiner han. Så irritert vart han at han trudde han ville slutta å vitja Norheimsund sjølv om han i utgangspunktet er mot boikott.

Etter å ha reflektert gjekk det opp for hytteeigaren at langt frå alle i Kvam står bak Kvammapakken, og at nokre få personar med bestemte motiv kanskje står bak det meste av netthetsen.

– Eg fekk eit meir nyansert syn. Eg har stor sympati med pendlarane og næringslivet i Norheimsund, som er taparane. Norheimsund må leva med konsekvensane av pakken, og hyttefolket kjem til å straffa personar som dei eigentleg er samde med i saka. Det store spørsmålet er korleis politikarane kan ha trumfa gjennom eit så urettvist vedtak, meiner Jensen.

## Sagt i folkemøtet

”Hadde ein hatt bom, hadde me hatt mange tusen alt.”

Hans Gunnar Skarstein slår fast at nokre tital frå Kvam reiste til folkemøtet i Bergen.

”Det får då vera grenser.”

Per Øyvind Tveiten svarar ein som lurar på om både tomteeigaren og -festaren må betala skatt for den same tomte.

”Det er det me lurar på om det er.”

Tveiten får svar frå salen.

”Skarstein har lagt opp til ein munter tone. Eg veit ikkje om eg klarar å følgja det opp. Noko av dette er relativt ’tråkige’ greier.”

Per Øyvind Tveiten har med seg ein powerpointpresentasjon av eigedomsskatt, men vert avbroten etter ei stund.

”Det einaste positive eg har å seia om Norheimsund, er at eg er fødd der.”

Klar tale frå ein nådelaus og frustrert mann i salen.

”Ordføraren må leggja av seg politikarmina og snakka skikkeleg til folk.”

Ein mann i salen er misnøgd med svara frå kvemmingane sin fremste politiske leiar.

”Kvam herad fortener ros for vass- og avløpsinitiativet på Kvamskogen.

Kveldens skryt kjem frå ein mann som meiner det var modig av Kvam herad å satsa på utbygging av infrastruktur.

”Det betenkjelege er at ordføraren og varaordføraren ikkje ser at det er betenkjeleg.”

Ein tilhøyrar meiner det er opplagt at Astrid Farestveit Selsvold og Oddvar Brakestad er ugilde som politikarar når dei har roller i bompengeselskapet.

”De får setja tæring etter næring.”

Ein mann vil ha bompengestasjonen plassert sentralt i Kvam og vegtiltaka tilpassa trafikkgrunnlaget og inntektene.

”Legg merke til at stasjonen er utanfor kartet.”

Reidar Tolo lokkar fram låtten når han påpeikar at Oddvar Brakestad sitt kart over vegtiltaka i Kvammapakken ikkje er stort nok til å visa bomstasjonen i Steinsdalen.

”Eg spurde i dag ein høgtstående funksjonær i Kvam herad kven som står bak. Brakestad, sa han. Ingen torer å seia mot han. Han turar fram som han vil.”

Ein kvamskogenveteran hevdar

Oddvar Brakestad har altforfor stor makt, til hovudristing frå hovudpersonen på scena.

”Nokre vågar å stå opp mot Brakestad, men dei får ikkje fram. Han har skaffa seg ein del posisjonar.”

Reidar Tolo om sin tidlegare partifelle i Kvam Høgre.

”Dette går over alle støvelskaff. Eg vart sett til oppgåva fordi nokon trudde eg var dugande. Eg må bera å vera bøddelen, men eg er ikkje åleine.”

Oddvar Brakestad reagerer sterkt på kritikken.